



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for oktober 2016.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK

Årgang
52



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Eileen Brandad Hareide
Visepres: Sverre Jarl Ulstein
Sekretær: Arne G. Aschehoug
Kasserar: Hanne Rognan
Past pres: Bernhard Harkjerr
Styremedlem: Vegard Gjerde
Styremedlem: Bjørn Teigene
Ansv.red.: Vigdis Riise
Referent: Aage Nytun

“ I nedover-dalen
er det farleg glatte bakkar
med motsett forteikn
altfor lett å kome på gli
berre strake vegen, strykande
her er ingen motstand
berre fargelaus medvind
eit makeleg flog
i ingen himmelretning
og utan venger.

På Oppover-fjellet
er det alltid ein ny avsats
å hake seg fast i
stå der i si fulle høgde
eit gjennomblåst sekund
før neste etappe
utsyn på utsyn opnar seg
alt er fridom og valg
alt er vilje og veg.”

Åse-Marie Nesse.

Møte 03.10.16.

Denne dagen var det dugnad på Rotarystien.

Hovudsakleg rydding langs og grusing av stien, og det vart gjort ein god jobb av dei frammøtte. Ykta vart avslutta med kaffi og vafler som vanleg.



Møte 10.10.16.

I presidenten sitt fråvær ynskte Øystein Alme velkomen til møte. Til opning song vi "Mellom bakkar og berg"

Dagens programpost var presentasjon av Marine Harvest AS. Det var lagt opp til eit ope møte der også ikkje-roatryanarar kunne kome, og det var ein del som nytta seg av dette tilbodet.

Dei som stod for presentasjonen var produksjonssjef farming John-Ivar Sætre og miljø- og myndigheitskoordinator Arne Kvalvik.

Marine Harvest AS er verdas største oppdrettsselskap av atlantisk laks, med produksjon frå stamfisk til matfisk i mange ulike variantar. Hovedkontoret ligg i Bergen, etter at det vart flytta frå Ålesund for nokre år sidan. Dei har smoltanlegg og oppdrettsanlegg langs heile kysten og mykje i Møre og Romsdal, totalt har dei 115 lokalitetar i 51 kommunar i Noreg og 1.600 tilsette fordelt på heile 104 kommunar. Dei er også tungt inne i Chile. Lokalt har dei smoltanlegg på Flø og eit stort slakteri i Fosnavåg. På anlegget i Fosnavåg er det 230 tilsette, så det er ein stor arbeidsplass. Selskapet produserer totalt 6 millionar måltid laks pr. dag.

Dei kom også inn på miløutfordringane og sjukdomsproblema som næringa har slite med. Dette er utfordringar som det vert jobba kontinuerleg med og som dei meiner dei etter kvart har rimeleg god kontroll på. Kjemikalbruken har gått ned, og andre metodar er viktigare no, bl.a. bergyltre og rognkjekse som et lusa av fisken. Ei anna utfordring kan enkelte år vere oppblomstring av manetar rundt og i mærdene, dette er heldigvis sjeldan, men når det skjer, kan nedslakting vere einaste løysing. Det vart til slutt ei spørsmålsrunde frå salen, og det gjekk mykje på forureining rundt



mærdene og dårleg kvalitet på fisken som vart fiska i nærleiken. Dei to meinte at kvaliteten på fisken var god, men at det var viktig at den vart spretta og gjort rein med ein gong han var fiska.

Eit anna spørsmål var om foret og korleis det virkar inn på kvalitet og næringsinnhald, då det er kjent at foret i dag består av m.a. mykje plantemais og liknande. Dette vart det ikkje gitt noko konkret svar på, men det kom fram at laksen i dag inneheld ei mindre mengde omega 3 og meir omega 6, og det er nok ei litt uheldig utvikling.

Møte 17.10.16.

Programfritt møte, men komiteane vart bedne om å jobbe med sine saker.

Møte 25.10.16.

Denne dagen var det årsmøte i klubben, med presentasjon av rotaryåret 2015/16 ved dåverande president Bernhard Harkjerr.

Referat og dokumentasjon i samband med årsmøte vert referert og oppbevart i sekretærens arkiv.

Møte 31.10.16.

Presidenten ønsket velkommen til nytt møte, og til opning song vi ”Til lags åt alle”

Dette var siste møte i oktober og dermed programfritt, men presidenten hadde likevel litt på agendaen

Først så gratulerte vi vår rotarymedlem Sverre Bjåstad, som under Hareidstemna fekk tildelt Hareid kommune sin kulturpris for 2016. Stor takk til Sverre for det flotte arbeidet han har gjort med personboka og utflyttarboka tidlegare og som han no er i ferd med å digitalisere!

Så vart det loddsalg til inntekt for Mama Klara-prosjektet , som Erna Berg driv i Peru.

Erna har tidlegare vore i klubben og orientert om dette prosjektet, og i 2015 var også Karin S. Holstad med ein tur over og fekk sjå det viktige arbeidet Erna driv og det store behovet det er for hjelp.

Presidenten orienterte også om røyrafesten som vert på Holesanden den 28.11.16. Fisket er i gang, og påmeldingsliste går rundt. Dette vert også samordna med guvernørbesøket i år, i tillegg vert det lagt opp til kulturelle innslag, så dette blir bra.